



Avlsutvalet for sau
v/Audun Nedrebø
Ålhus
6847 Vassenden
Tlf: 915 87 039
E-post: audun.nedrebo@c2i.net

Ålhus, 5.juli 2011

Til
Lokallaga i sau og geit
Vær ringane.

Avlsutvalet har planlagt kåringa til hausten. Vedlagt fylgjer liste med forslag til datoar for kåringssjåa. Sjå over lista og kom med tilbakemelding på om noko må endrast.

Frist for tilbakemelding: 1.august

Smitteførebygging.

I 2008 kom det nye krav til smitteførebygging på kårings sjå. Dei fleste kårings sjåa vert gjennomførte innafør krava som er sette, men det er alltid rom for forbetringar.

Avlsutvalet vil med dette minne om fylgjande:

- Det skal ikkje vere kontakt mellom buskapane på kårings sjå.
- Det skal ikkje vere felles drivgang på kårings sjå. Det må vere plass nok til at dyra kan komme rett frå hengaren eller bilen, inni kåringsbingen. Dommarane skal dømme dyra der.
- Kåringsbingen må vere stor nok. Buskapar med mange dyr, må ha fleire bingar. Ingen skal opp i kåringsbingen utan sko overtrekk. Det gjeld også eigaren.
- Det skal ikkje vere kårings sjå i fjøs som er i bruk.
- Tenk smitteførebygging ved køyring til å frå kårings sjå. Spesielt viktig er det å ikkje blande dyr frå fleire ringar.

Vi oppmodar lokallaga og vær ringane om å rette seg etter dette.

Pc- kåring/ webkåring

I 2010 vart avlsutvalet ansvarleg for pc-kåringa. For å få ned kostnaden, vart det nytt i måten pc-kåringa vart utført på. Det var berre sjå som hadde over 50 møtte lam, som fekk pc-kårar fysisk tilstades. For dei andre kåringssjåa, var det ei form for webkåring.

Tilbakemeldinga etter kåringssesongen 2010 er bra, og vi fortset med same opplegg for kåringa til hausten.

Med helsing
Avlsutvalet for sau

Audun Nedrebø